



## Krav til seriøs leverandør (seriøositetskrav)

### Innholdsliste

1	Internkontroll. Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA) .....	2
2	Seriøositetskrav .....	2
2.1	<i>Løns- og arbeidsvilkår.</i> .....	2
2.2	<i>Lærlingar.</i> .....	4
2.3	<i>Krav om betaling til bank.</i> .....	4
2.4	<i>HMS-kort.</i> .....	4
2.5	<i>Språkkrav.</i> .....	5
2.6	<i>Autorisasjon</i> .....	5
2.7	<i>Krav om faglærde handverkarar</i> .....	5
2.8	<i>Bruk av underleverandørar medrekna innleigd arbeidskraft.</i> .....	6
3	Revisjon .....	6
4	Rapporteringsplikt til Sentralskattekontoret for utanlands saker .....	7
5	Vidareføring av krav til underleverandør.....	7
6	Mislegthal av kontraktskrav.....	7



## 1 Internkontroll. Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA)

Leverandøren skal fylge den til ei kvar tid gjeldande arbeidsmiljølov med tilhøyrande forskrifter, byggherre sin SHA-plan og byggherre eller koordinator sine instruksjonar. Leverandøren pliktar å ha eit internkontrollsysteem, iht. forskrift om systematisk helse- miljø og sikkerheitsarbeid i verksemder. Relevante delar av byggherre sin SHA-plan skal innarbeidast i, og fylgjast opp gjennom, leverandøren sin internkontroll. Innarbeidingsa skal skje slik at SHA-planen sine føresegner kan bli identifisert. Med mindre anna er avtala, skal all kommunikasjon mellom nøkkelpersonar i prosjektet gå på norsk. Leverandøren skal syte for at arbeidstakarane hans og eventuelle underleverandørar han nyttar kan kommunisere på ein slik måte at manglande kommunikasjon ikkje utgjer ein tryggleiksrisiko.

## 2 Seriøsitetskrav

### 2.1 Løns- og arbeidsvilkår

Leverandøren er ansvarleg for at eigne tilsette hjå underleverandørar (under dette innleigde) som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten har løns- og arbeidsvilkår i høve til:

- Forskrift om allmenngjort tariffavtale
- Forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar av 8 februar der denne kjem til bruk

På område som ikkje er dekka av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal løns- og arbeidsvilkåra vere i høve til landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen. Med løns- og arbeidsvilkår vert meint reglar om minste arbeidstid, løn medrekna overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike reglar følgjer av tariffavtalen.

Leverandøren pliktar på førespurnad å dokumentere løns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakrar og arbeidstakrar hjå eventuelle underleverandørar (under dette innleigde) som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten. Opplysningane skal dokumenterast ved mellom anna kopi av arbeidsavtale, lønsslipp, timelister og bankutskrift frå arbeidsgjevaren. Dokumentasjonen skal vere på personnivå og det skal gå fram kven han gjeld.

Dokumentasjonen kan inkludere komplett liste med namn på eigne og eventuelle tilsette til underleverandør som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, oversikt over allmenngjorde og/eller landsomfattande tariffavtalar som vert lagt til grunn for



den aktuelle bransjen og innsyn i leverandøren sine avtalte løns- og arbeidsvilkår med eventuelle underleverandørar.

På førespurnad frå leverandør er leverandør plikta å fylle ut eigenrapporteringsskjema. Eigenrapporteringa skal sendast til oppdragsgjevar innan éin månad etter kontrakten er signert, med mindre anna er avtala. Eigenrapportering kan krevjast fleire gonger i løpet av kontrakten.

Oppdragsgjevar og eventuell ekstern kontrollør som mottek opplysningane har teieplikt om opplysningane. Teieplikta gjeld ikkje overfor Arbeidstilsynet, heller ikkje overfor tilsette eller interne eller eksterne rådgjevarar som er naudsynte for å få språkleg, økonomisk, juridisk eller anna fagleg hjelp. Teieplikta gjeld òg for rådgjevarane.

Dersom leverandør eller underleverandør får pålegg frå Arbeidstilsynet som gjeld løns- og/eller arbeidsvilkår, skal leverandøren utan opphald informera oppdragsgjevar ved kopi av pålegget. Om leverandøren eller underleverandøren ikkje utbetrar tilhøva i pålegget innan fristane sett av Arbeidstilsynet, vil dette verta rekna som misleghald av kontrakten.

Ved brot på krava til løns- og arbeidsvilkår skal leverandøren rette tilhøvet innan den fristen oppdragsgjevar fastset. Der leverandøren oppdagar slikt brot gjennom internkontroll eller eiga oppfølging av underleverandørar, skal leverandøren utan opphald opplyse oppdragsgjevar om forholda og utbrette forholda innan frist fastsett av oppdragsgjevar.

Oppdragsgjevar har rett til å halde tilbake eit beløp tilsvarende ca. to gonger innsparinga for leverandøren. Tilbakehaldsretten opphører så snart retting etter føregåande ledd er dokumentert.

Vesentleg misleghald av løns- og arbeidsvilkår hjå leverandøren kan visast til av oppdragsgjevar som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren rettar tilhøva. Om brotet har skjedd i underleverandørleddet (under dette bemanningsføretaket), kan oppdragsgjevar krevje at leverandøren skiftar ut underleverandør. Dette skal skje utan kostnadar for oppdragsgjevar.

Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakt skal innhalda tilsvarende vilkår.



## 2.2 Lærlingar

Det er eit krav at leverandørar er tilknytt ei lærlingordning og at ein eller fleire lærlingar/lærekandidatar deltek i utføringa av kontraktsarbeidet innanfor bygg- og anleggsfaga, jf. forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar/lærekandidatar i offentlege kontraktar.

Krava kan oppfyllast av leverandøren og ein eller fleire av hans underleverandørar.

Utanlandske leverandørar kan oppfylle kravet ved å bruke lærling frå ein lærlingordning i opprinnelseslandet. Dersom opprinnelseslandet ikkje har ein lærlingordning, kan krava oppfyllast ved å benytte praksiselev frå ein opplæringsordning i opprinnelseslandet.

Leverandøren skal ved oppstart, og på førespurnad under gjennomføringa av kontraktsarbeidet, dokumentera at krava vil bli oppfylt. Ved kontraktsavslutning skal det leggjast fram oversikt over tall lærlingtimar. Timelista skal leggjast fram på førespurnad.

Byggherren kan holde tilbake inntil 5 promille av kontraktssummen dersom ovannemte krav misligholdes, eller det er grunn til å tro at slikt mislighold vil inntreffe, og forholdet ikkje blir rettet innen ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel.

Ved vesentleg mislighald av ovannemte pliktar, eller dersom det er grunn til å tro at slikt mislighald vil inntreffe, kan byggherren stanse eller heve kontrakten dersom forholdet ikkje vert rettet innen ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel, med varsel om stansing eller heving om så ikkje skjer.

## 2.3 Krav om betaling til bank

Løn og anna godtgjersle til eigne tilsette, tilsette hjå underleverandør og innleigde skal betalast ut til konto i bank. Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeidet under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande føresegn.

## 2.4 HMS-kort

Alle arbeidstakrar skal bere lett synleg eit gyldig HMS-kort utferda av Arbeidstilsynet. Ordrestadfesting, søknadsskjema og liknande vert ikkje akseptert som HMS-kort. Dersom fysisk kort er bestilt, men ikkje kome, så kan QR-kode nyttast som dokumentasjon fram til kortet er i hende. QR-kode skal ikkje nyttast i



staden for fysisk kort, og fysisk kort skal takast i bruk så snart det er motteke. Arbeidstakarar som ikkje har slikt HMS-kort vert vist vekk frå byggjeplassen. Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarende føresegner.

## **2.5 Språkkav**

Samtlege dokument, og anna kommunikasjon knytt til konkurransen og tilbodet skal vera på norsk. Det vert gjort merksam på at norsk er prosjektspråk og at det i kontrakten vil gjelde krav til bruk av norsk språk både i prosjektgjennomføringa og i anna korrespondanse med oppdragsgjevar. Det er òg eit minimumskrav at byggeplassleiar og formann/formenn skal meistre godt norsk både munnleg og skriftleg.

## **2.6 Autorisasjon**

Leverandøren pliktar å ha naudsynt kvalifikasjonar og godkjenningar for å oppfylle alle offentlege krav som må oppfyllast for at arbeidet under kontrakten skal kunne gjennomførast. Dersom leverandør ikkje oppnår naudsynte godkjenningar utgjer dette eit vesentleg kontraktsbrot som gjev oppdragsgjevar rett til å heve kontrakten og krevja dekning av alle kostnadane som tilhøvet måtte medføra for oppdragsgjevar.

## **2.7 Krav om faglærde handverkarar**

Ved utføring av kontraktarbeidet skal minimum 40% av utførte timar innanfor bygg- og anleggsfaga (dei fag som vert omfatta av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk, samt anleggsgartnarfaget) samla utført av personell med fagbrev, sveinebrev eller dokumentert fagopplæring i samsvar med nasjonal fagopplæringslovgjeving eller likeverdig utanlandsk fagutdanning. Det skal vera fagarbeidarar i alle fag nemnd ovanfor. Kravet kan òg verta oppfylt ved at arbeidstimar er utført av personar som er under systematisk opplæring og er meldt opp etter krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5, eller tilsvarende ordning i anna EU/EØS-land. I enkelpersonføretak utan tilsette gjeld krav ovanfor eigar.

Leverandøren skal etter kontraktsinngåing dokumentera korleis kravet vil verta oppfylt, samt jamleg sende over bemanningsplanar og rapportar som viser i kva grad dette vert oppfylt.



Byggherren kan stogge arbeidet dersom det er grunn til å tru at misleghald vil førekoma, og tilhøvet ikkje vert retta opp i innan ein rimeleg frist gjeven ved skriftleg åtvaring, med åtvaring om stogg om så ikkje førekjem.

## **2.8 Bruk av underleverandørar medrekna innleigd arbeidskraft**

Det skal ikkje vera meir enn 2 ledd under totalentreprenør, jf. anskaffelsesforskriften §§ 8-13 og 19-3.

Ved vesentleg misleghald kan byggherren stoppe eller heve kontrakten dersom tilhøvet ikkje vert retta innan ein rimeleg frist gjeven ved skriftleg varsel, med varsel om stogg eller heving om så ikkje skjer.

Leverandøren sin bruk av enkelpersonføretak skal grunngjenvæst skriftleg. Bruk av bemanningsføretak skal varslast byggherren og er underlagt arbeidsmiljølova, medrekna krav om likehandsaming § 1-412a- Byggherren kan berre nekte bruk der han har sakleg grunn.

Ved inngåing av kontraktar om underentreprise som overstig ein verdi på kr. 500 000 eks. mva skal leverandøren innhente skatteattest. Frå underentreprenørar med forretningsadresse i andre EØS-land enn Noreg, skal det hentast inn tilsvarande attest. Leverandøren skal på førespurnad frå byggherren leggja fram skatteattesten. Dersom attesten ikkje vert lagt fram eller visar restansar som ikkje er ubetydelege, kan byggherre krevja at underentreprenøren vert skifta ut utan kostnad om forholdet ikkje vert retta innan ein rimeleg frist gjeven ved skriftleg varsel, med varsel om krav om utskifting om så ikkje skjer.

Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeidskraft under denne kontrakten skal innehalda tilsvarande føresegn.

## **3 Revisjon**

Byggherren, eller ekstern revisor engasjert av byggherren, kan gjennomføra revisjon hjå leverandøren og eventuelle underleverandørar i perioden frå kontraktsinngåing til sluttfaktura er betalt, for å undersøkja om kontrakten sine krav vert oppfylt. Denne tilkomsten omfattar òg kontraktar og dokumentasjon i underliggende ledd. Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande føresegn.



## 4 Rapporteringsplikt til Sentralskattekontoret for utanlands saker

Kontrakt gjeven til utanlandsk leverandør eller underleverandør, og alle arbeidstakarar på slik kontrakt, skal rapporterast til Sentralskattekontoret for utanlands saker, jf. lov om skatteforvaltning § 7-6.

Leverandøren er ansvarleg for at slik rapportering skjer nedover i kontraktskjeda. Leverandøren skal på førespurnad dokumentera at rapporteringsplikta er oppfylt ved kopi av innmeldingsskjema eller kvittering frå Altinn.

Eventuelt ansvar for overskridingsgebyr eller tvangsmulkt gjeve til byggherren som følgje av at leverandøren ikkje har retta seg etter sine plikter etter dette punkt er leverandøren sitt ansvar og skal betalast av han.

Alle avtalar inngår for utføring av arbeid under denne kontrakt skal innehalde tilsvarende føresegn.

## 5 Vidareføring av krav til underleverandør

Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av denne kontrakten skal innehalda tilsvarende føresegn.

## 6 Misleghald av kontraktskrav

Brot på krav/plikter i denne kontrakten vil verta registrert og kan få konsekvensar i seinare konkurransar i kvalifikasjons- eller tildelingsomgangen i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar.